



Møteprotokoll for Ungdomsråd

Møtedato: 28.11.2022

Møtestad: Knarvik, møterom Kultur

Møtetid: 14:00 - 16:00

| Frammøtte medlemmer | Parti | Rolle |
|--------------------------------|-------|-------------|
| Leonie Sophie Thiele | VGS | Utvalsleiar |
| Isak Emil Solheim | VGS | Nestleiar |
| Lukas Hansen | NHKG | Medlem |
| Isak Johan Friis Thomassen | RUSK | Medlem |
| Sondre Heldal | MUSK | Medlem |
| Elias Ådlandsvik Askeland | ROUSK | Medlem |
| Eskil Olsvik | KUSK | Medlem |
| Johannes Gjerstad | LUSK | Medlem |
| Isak Haaland | DA | Medlem |
| Fredrik Emil Skulstad Furustøl | VGS | Medlem |
| Elisabeth Bruland | LOO | Medlem |
| Jens Halland Kruse | LOO | Medlem |
| Karoline Fjeld | LOO | Medlem |
| Jakob Thomassen Berger | LOO | Medlem |

| Forfall meldt frå medlem: | Parti | Rolle |
|---------------------------|-------|--------|
| Emmeline Randal | OUSK | Medlem |

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Janne Sund, Robert Lorang Hansen

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|--------|--|
| 046/22 | Godkjenning av innkalling og saksliste |

047/22 Godkjenning av møteprotokoll

048/22 Økonomiplan 2023-2026

046/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Ungdomsråd 28.11.2022:**Behandling:****UR- 046/22 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

047/22: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Ungdomsråd 28.11.2022:**Behandling:****UR- 047/22 Vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent.

048/22: Økonomiplan 2023-2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Investeringsbudsjettet for 2023 og for økonomiplanperioden 2023-2026 blir vedteke jfr. Bevilningsoversikter Investering etter § 5-5. Budsjettet er basert på forventa framdrift på tidlegare vedtekne prosjekt, i tillegg til nokre nye mindre prosjekt. Sum investeringsutgifter i 2023 vert budsjettert med 328 386 000 kr. Bruk av lånemidlar vert budsjettert med 242 939 000. Låneopptak til investeringsprosjekta vert avrunda fastsett til 243 000 000 kr. Øvrig finansiering framgår av bevilningsoversikten. I tillegg vert det budsjettert med opptak av startlån for vidareutlån i Husbanken på 150 000 000 i 2023 slik det framgår av bevillingsoversikten. Låneopptak skal skje ihht. fullmakt i Finansreglementet pkt. 8.1.
2. Økonomiplan for 2023-2026 og årsbudsjett for 2023 blir vedteke, jfr. Bevilningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2023 blir vedteke med sum netto driftsrammer for dei sju sektorane, jf. eigen tabell.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele sentralt avsett lønsauke til sektorane når årets lønsforhandlingar er gjennomført.
4. For skatteåret 2023 skriv Alver kommune ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova §§ 2 og 3 første ledd bokstav c, «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum», slik bestemmelsen lyder frå 1. januar 2019. Skattesatsen er 7 promille, jf. eigedomsskattelova §§ 10 og 11. Alver kommune vil i 2023 skrive ut eigedomsskatt på «et særskilt fastsett grunnlag» i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, første ledd, slik at verdien av produksjonsutstyr og – installasjonar fasast ut med 1/7 for verk og bruk som frå og med 2019 er å anse som næringseigedom. Det særskilte grunnlaget skal i 2023 vere lik 2/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget. Alver kommune vil i 2023 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for anlegg nevnt i punktet over i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, andre ledd. Eigedomsskatten skal betalast i tre terminar, jf. eigedomsskattelova § 25.
5. Basert på endringar i borne- og elevtall i dei kommende åra, ber Kommunestyret kommandirektøren om å starte arbeidet med barnehage og skulebruksplan for Alver kommune
6. Kommunestyret ber kommandirektøren om å starte arbeidet med taksering av næringseigedomar i 2023 med sikte på å innføre eigedomsskatt på all næring i 2024.
7. Kommunestyret ber kommandirektøren starte arbeidet med taksering av hus, hytter og tomter med sikre på å innføre eigedomsskatt i 2024. Det er sett av 1,5 mill. kr til takseringsarbeidet i 2023. Dersom anbodsprosessen viser at takseringsarbeidet vert dyrare, bes kommandirektøren om å ta resultatet inn i tertialrapporteringa i 2023.
8. Det vert gjeve ei ramme på 1 924 000 kr til kontrollutvalet.
9. Det vert gjeve eit driftstilskot til Alver kyrkjelege fellesråd på 26 535 000 kr. I tillegg kjem dekking renter og avdrag på lånet for Kyrkja i Knarvik som tilsaman utgjer 3 228 000 kr.
10. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
11. Godtgjersle til ordfører er 1 064 318 kr og varaordfører 638 591 kr. Dette er i samsvar med godtgjersle til stortingsrepresentantar pr 1. mai 2022. Løna skal regulerast per mai 2023 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

Ungdomsråd 28.11.2022:

Behandling:

Orientering i saka v/Janne Sund

Ungdomsrådet arbeida fram ein felles uttale på dei punkta dei meiner er viktige å formidle i saka, uttalen kjem i sin heilhet i vedtaket.

UR- 048/22 Vedtak:

Vi i Alver ungdomsråd kjem med følgjande uttale i sak om Økonomiplan 2023-2026 og budsjett 2023.

Vi ynskjer først å peike på dei innspela som vart gjeve til formannskapet i august 2022, der ungdomsrådet hadde følgjande innspel på tiltak som er viktig for dei unge i kommunen:

- Ungdomsklubbar, fleie dagar i uken og ny klubb i Knarvik.
- Helsejukepleiarar i skulen, med meir tid til kvar enkelt elev.
- Halde fram MOT på ungdomsskulen.
- Halde fram Ungdomskontakten Salto
- Halde fram tilbod om Open hall.
- Halde fram arrangementer i hallane, aktivitetar og utflyktar for ungdom.
- Kortare ventetid på psykolog for ungdom.
- Betre opningstid på Helsestasjon for ungdom.
- Betre uteområde på ungdomsskulane
- Miljøterapeuter i ungdomsskulen

Til kommunedirekøren sitt framlegg til økonomiplan og budsjett, har vi følgjande innspel:

- Ikkje kutt MOT frå 2023.

Vi meiner MOT er viktig i ungdomsskulen og ber om at programmet kan halde fram.

Vi opplev at MOT er med på å skapa betre klassemiljø og fellesskap i klassane, og betre livsmeistring for den enkelte.

MOT gjev også betre overgang mellom barneskule og ungdomsskule.

- Kutt i kultur frå 2024-.

Ikkje kutt i tilbod til barn og unge. Ungdomsklubbane, arrangementer, Open hall og ferieaktivitetar er som vi påpeikte til formannskapet i august viktige for trivsel for barn og unge.

- Framlegg om investering i lærebøker.

Vi har fått innspel frå elevråd på Radøy ungdomsskule om for därlege lærebøker. Dei er utdaterte og har mykje feil. Elevane opplev å få mange

kopiar og hefter, som det ikkje er lett å halde orden i.

Vi meiner at alle elevråd i kommunen må få uttale seg om korleis dei opplev undervisninga og ulike verktøy for læring. I dag opplev mange å få kopiark, hefter, utdaterte lærebøker i kombinasjon med digitale verktøy.

Vi meiner kommunen sjå gjennom bruken av ulike verktøy og materiell, høyre på innspel frå elevar/elevråd og samstundes sikra finansiering av oppdaterte lærebøker der det er behov. Mange liker ein god fysisk lærebok, ikkje alt digitalt.

- Innsparing, Helse og omsorg

Vi meiner kommunen bør sjå om ein kan effektivisere helse og omsorg, slik at ein ikkje må auke budsjettet så mykje som økonomiplanen seier. Til dømes, kan betre bruk av velferdsteknologi redusere behovet?

- Innsparing, Oppvekst og skular.

Vi er ikkje i mot å leggje ned skular for å betre økonomien, men da må innsparingen vere eit ledd i å behalde andre tilbod til barn og unge (t.d. unngå kutt i kultur og MOT).

Vi meiner det kan vere fordelar ved å leggje ned skular, dersom det bidreg til større fellesskap for elevane gjennom større klassar og fleire medelevar på skulen.

Samrøystes vedteke